

[Namn]
[Adresse]
[Postnummer og stad]

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Tilknytning av bygningen[ane] til kommunal [vass- og] avløpsleidning [Gnr], [bnr]

Varsel om at kommunen vurderer å vedta pålegg som kan følgjast opp med førelegg, og gje tvangsmulkt

Bygningane på eigedommen din er ikkje knytte til kommunal [vass- og] avløpsleidning.

Vi varslar deg hermed om at plan- og bygningsstyresmakta (kommunen) vil vurdere å påleggje slik tilknytning dersom leidningen ikkje er knytt til den kommunale [vass- og] avløpsleidningen innan [xx.xx.xxxx - minst tre veker, men her kan ein setje fristen t.d. seks månader fram i tid]. Kommunen vil samstundes vurdere å fastsetje tvangsmulkt. [Rundskriv frå KRD, H-1/10, kapittel 17 <http://byggeregler.dibk.no/dxp/content/rundskriv/18/>]

Eit eventuelt pålegg som ikkje blir følgt opp innan fristen, kan medføre førelegg som har same verknaden som ein rettskraftig dom.

Kommunen har tidlegare sendt deg informasjon om plikta til å knyte bygningar til offentleg [vass- og] avløpsleidning.

Etter dei opplysningane kommunen har, har eigedommen din i dag [t.d.: septiktank med direkte utslepp til elv]. Kommunen har hovudleidning[ar] for [vatn og] avløp ca. [x] meter frå eigedommen [over eigedommen/i veg som ligg til eigedommen] [og alle andre bygg i nærleiken er kopla til dei]. Den vedlagde kartskissa viser leidningsnettet i området.

Vi er ikkje kjende med at det er forhold ved din eigedom som gjer at vi kan godkjenne ei anna løysing for bygningen[ane] enn tilknytning til dei[den] kommunale [vass- og] avløpsleidningane[en].

[Vi er kjende med at naboen din [naboane dine] [x], gnr. [x], bnr. [x] har [vass- og] avløpsleidning[ar] som ligg nærare den [dei] kommunale leidningen[ane] enn eigedommen din. Kommunen kan tillate at du knyter deg til det private anlegget til naboen. Du må inngå ein privat avtale med eigaren av naboeigedommen for at vi skal kunne godkjenne ei slik løysing.]

Kommunen meiner bygningen[ane] på din eigedom skal vere knytt[e] til den [dei] kommunale [vass- og] avløpsleidningen[ane], jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 andre leddet og] 27-2 andre leddet. Dersom bygningen[ane] ikkje er knytt[e] til det kommunale nettet innan [xx.xx.xxxx - minst tre veker, men her kan ein t.d. setje fristen seks månader fram i tid], vil kommunen påleggje ei slik tilknytning, jf. plan- og bygningslova § 32-3. Kommunen vil samstundes vurdere å fastsetje tvangsmulkt for å få gjennomført pålegget, jf. plan- og bygningslova § 32-5.

Tvangsmulкта blir fastsett som eit eingongsbeløp, ei dagmulkt eller ein kombinasjon av dei. Eingongsbeløpet vil normalt vere om lag kr. [xx xxx,- t.d. 1/3 av kostnadene for å knyte bygningane til dei kommunale leidningane], medan dagmulкта normalt vil vere på kr. [xxx,-].

Eit eventuelt pålegg som ikkje blir følgt innan fristen, vil kunne medføre førelegg som kan få same verknaden som ein rettskraftig dom og medføre at kommunen syter for at bygningen[ane] blir knytt[e] til dei [den] kommunale leidningane[en] for di rekning, jf. plan- og bygningslova § 32-6. Du blir hermed varsla om at kommunen vil vurdere å gje eit førelegg om plikt til å følgje pålegget innan den fastsette fristen.

Dersom du meiner opplysningane våre er urette, eller at det er andre grunnar til at du ikkje pliktar å knyte bygningen[ane] på eigedommen til det kommunale nettet, ber vi om at du tek kontakt så snart som mogleg. Dette gjeld òg dersom tilbodet på arbeidet overstig kr. [xxx xxx,- – sjå <http://va-jus.no/krd-utdyper-vilkarene-for-tilknytningsplikt/>].

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon [sentralbord] eller du kan sende e-post til [postmottak@\[x\].kommune.no](mailto:postmottak@[x].kommune.no).

Med helsing

.....
(Namn)
Leiar

.....
(Namn)
Saksbehandlar

Vedlegg:

- Brosjyre om tilknytningsplikt
- Kartskisse
- Plan- og bygningslova §§ [27-1,] 27-2, 32-2, 32-5 og 32-6
- [Tilkopling til privat [vass- og] avløpsleidning – pbl § 27-3 og forureiningslova § 23]
- [Fritidsbustad: pbl. § 30-6, arealdelen til kommuneplan, reguleringsplan eller utbyggingsplan]
- Vass- og avløpsanleggslova
- Forureiningsforskrifta del 4A
- Lokal forskrift om vass- og avløpsavgift
- Abonnementsvilkår for [X] kommune